



## Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal Drammen 18.4.2022. Bråtan11  
3022 Drammen  
e-post:[buskerud@naturvernforbundet.no](mailto:buskerud@naturvernforbundet.no)  
Tlf: 99604555

Nore og Uvdal kommune.  
[post@nore-og-uvdal.kommune.no](mailto:post@nore-og-uvdal.kommune.no)

### Uttale Haugåsen vest. Plan - ID 2019001

Naturvernforbundet i Buskerud (NiB) vil med dette uttale oss om planane for nye hytter i området Haugåsen vest.

Me viser til utdrag fra Miljøfaglig Utredning Notat 2021–N50:

“Prosjektområdet domineres av eldre åpen furuskog på koller, med spredte myrområder og eldre granskog i forsenkninger og lisider. Berggrunnen består av middels til grovkornet tonalitt, og vegetasjonen er hovedsakelig fattig med dominans av bærlyng. Myrområdene er for det meste fattig jordvannsmyrer, med stedvis innslag av noe rikere partier. Den nordvendte lia mot Grandøkk domineres av granskog, og det ble her funnet spredte forekomster av gubbeskjegg (NT) og sprikeskjegg (NT), samt ett funn av sprekkjuka (VU). For sprekkjuka er det avgrenset et økologisk funksjonsområde for arten. I sør ble det registrert en naturtypelokalitet med «gammel granskog med gamle trær» (C12.2). Her ble det også gjort et funn av rustdoggnål (NT) på basis av en gammel gran.”



Det ble også sett lavskrike i området; ein fugl som er sterkt knytta til høgareliggjande barskog. Lavskrike er stasjonær og lever i same området heile året, der den hamstrar føde til vinteren. Lavskrika er lite sky og kan gjerne oppsøke hytteområde, men ei massiv utbygging vil øydeleggje leveområdet for arten.

### I konflikt med eigen kommuneplan

Planen er i strid med planprogram for kommuneplanen sin arealdel vedtatt 13.12.2021. pkt.19a:  
“Fortetting og utvikling av fritidsbebyggelse knyttes til eksisterende områder for fritidsbebyggelse.  
a. Det kan legges til rette for nye byggeområder for fritidsbebyggelse i områder med eksisterende

infrastruktur”.

Området er i dag prega av spreidd hyttebebygging, og ei auke med 100 nye hytter kan ikkje definerast som fortetting. Graving av 2,5km grøft viser dette tydeleg.

Kommuneplanen vektlegg ein kombinasjon av hytter og beiting. - mangesysleri. Ei utbygging i denne skala gjer dette umogleg.

### **I konflikt med FN sine bærekraftsmål og Regional planstrategi for Viken- Veien til et bærekraftig samfunn**

Ei hyttebygging i dette omfang vil føre til store klimautslepp både i anleggsperioden og i etterkant. Det vil også føre til negativ påverknad på det biologiske mangfaldet i området. Nedbygging av areal er den største trusselen for biologisk mangfald.

I området er soppen sprekkjuka (VU) registrert, og eit funksjonsområde er avsett. Dette området ligg midt i traseen for kabelgrøft. Me reknar med at ei eventuell kabelgrøft blir lagt om slik at leveområdet til sprekkjuka blir ivaretatt.

### **Myr**

Det er mykje myr i planområdet. Myr er ein sær viktig naturtype. Myra er rasteplass for fugl, den er levestad for mange planter og dyr, rensar vatn, dempar flaum og lagrar store mengder karbon.

Regjeringa har styrka vernet av myr, og frå 2020 er det forbud mot nydyrking av myr.:

<https://www.sabima.no/trua-natur/myr> og

<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler>. Regjeringa har brukt store summer på restaurering av myr. I mellomtida blir store myrområde gravd opp og øydelagt av lokal utbygging. Graving eller nedbygging av myr er etter vår oppfatning ikkje akseptabelt med det kunnskapsgrunnlaget me nå har om myr.

### **Villrein**

Området ligg i randsona for Hardangervidda villreinområde. Ei utbygging med 100 nye hytter i området vil auke ferdselen inn i villreinområdet og føre til auka forstyrrelse.

Villreinen er nå kome på raudlista, og er allereie utsett for stort press. Fotråde og svelgbrems er allereie eit stort problem for villreinen på Hardangervidda. Det er sannsynleg at problemet med forråde skuldast at reinen somarstid blir trengt saman på små område på grunn av at dei blir uroa av turfolk.

### **Kunnskapsgrunnlaget**

NiB viser til Naturmangfoldloven §8 om kunnskapsgrunnlaget i samband med planarbeid.

Lokale hyttefolk hevdar at det er spel plass for storfugl og orrfugl i området, som også skal vera leveområde for rødstilk, gluttstipe og haukugle.

Fugl knytta til fjellet har hatt ein kraftig nedgang dei siste åra, og i år er rødstilk peika ut som “årets fugl” av BirdLife Norge på grunn av stor nedgang i bestanden.

Den europeiske hekkebestanden hos rødstilk har gått tilbake med over 50% i perioden 1980-2017.

Også her i Norge har me hatt ein tilbakegang dei siste tjue åra på over 20%. NiB meiner at det er behov for meir kartlegging av området, spesielt med tanke på fuglelivet.

### **Konklusjon**

Planen er i strid med både kommunale og regionale planar. Den er også i strid med FN sine bærekraftsmål. Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt.

Ei gjennomføring av planen vil føre til auka klimautslepp, både på lang og kort sikt.

Den vil også vera negativ for dyre og plantelivet i området.

Planen må ikkje realiserast.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal.